

Norsk Landbruksrådgiving
Krokeideveien 13
5244 FANA

Dato: 11.03.2015
Vår ref.: 2014/20763-8
Saksbehandlar: karnybo
Dykkar ref.:

KLIMAPLAN FOR HORDALAND 2015 - TILSEGN OM INNTIL KR.100.000 TIL NORSK LANDBRUKSRÅDGJEVING TIL PROSJEKTET "OVERSKUDDSMASSER - PROBLEM ELLER RESSURS?» FOR ÅRA 2015 OG 2016.

Klimaplantilsegn nr 1-2015

Viser til Dykkar brev datert 18.02.2015.

Vi er glad for å melde at Hordaland fylkeskommune løyver inntil kr 100.000 til prosjektet «Overskuddsmasser – problem eller ressurs?». Tilskotet er ein del av fylkeskommunen si satsing Klimaplan for Hordaland.

De må be om utbetaling av tilsegna innan 01.12.2015.

1. PROSJEKTGRUNNLAG

Større utbyggingsprosjekt krev ofte at masse må flyttast på. Landbruket har behov for massar, men prosedyrane rundt handteringa og ikkje minst spørsmål knytt til korleis ein skal sikre eller forbetre produktiviteten i dei flytta massane, har vore for dårleg. I tillegg kjem klimagassutslepp frå open jord.

Brukande massar kan nyttast lokalt til jordforbetring dersom ein planlegg i tide. Nordhordlandskommunane har saman med Fylkesmannen i Hordaland gjennomført eit forprosjekt om korleis ein kan lage rettleiing både til entreprenørar og bønder om dette.

Hovudmålet til prosjektet er å leggje til rette for at overskotsmassar i byggeprosessar vert brukte til å forbetre eksisterande jordbruksareal og til å etablere nye jordbruksareal. Dessutan å sikre at jord som vert utsett for mellombels inngrep, vert sett i stand på ein god måte som gir grunnlag for framtidig rasjonell jordbruksdrift.

Delmål er å

- (i) Utarbeide ei fagleg god og omfattande handbok for flytting av både matjord og andre lausmassar. Det skal leggjast særleg vekt på problematikken rundt handtering av torvjord og ivaretaking, og bruk av, mineraljord i topplag.
- (ii) Utarbeide ein kortfatta og praktisk rettleiar for masseflytting, retta mot maskinførarar, entreprenørar og byggherrar.

- (iii) Utarbeide forslag til standard avtaleverk mellom landbruksføretak/grunneigar og entreprenør/byggherre.
- (iv) Samarbeide med dei som tek på seg å utarbeide ein rettleiar for kommunal sakshandsaming for å sikre at fag og forvaltning vert mest muleg samkjørte.
- (v) Kome med forslag til presiseringar og endringar dersom ein gjennom arbeidet med prosjektet finn svake ledd i noverande regelverk.

2. PROSJEKTORGANISERING:

Tilsegnsmottakar er Norsk Landbruksrådgjeving
 Prosjektansvarleg er Liv Lyngstad, Norsk Landbruksrådgjeving Hordaland
 Prosjektleder er Trygve Torsteinsen, Norsk Landbruksrådgjeving Hordaland

3. GODKJENDE KOSTNADER OG GODKJEND FINANSIERINGSPLAN

Godkjende kostnader

Kostnadsart:		Beløp
Handbok i bruk av overskotsmassar	Kr	760000
Standardavtalar og rettleiar for maskinførarar/entreprenørar, andre delrapportar	Kr	140000
Prosjektorganisering, reisekostnader, administrasjon og diverse	Kr	305000
Eksterne tenester, analysar	Kr	150000
Formidling og møte i ulike fora	Kr	245000
SUM	Kr	1.600.000

Godkjend finansieringsplan

Finansieringskjelde:		Beløp
Fylkesmannen i Rogaland	Kr	50000
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Kr	50000
Fylkesmannen i Møre og Romsdal	Kr	50000
Fylkesmannen i Sør-Trøndelag	Kr	50000
Fylkesmannen i Nord-Trøndelag	Kr	50000
Fylkesmannen i Nordland	Kr	50000
Seks fylkeskommunar (i same fylke som over)	Kr	300000
Statens Vegvesen	Kr	100000
Avinor	Kr	50000
Maskinentreprenørenes Landsforbund	Kr	50000
Landbruksdirektoratet	Kr	520000
Fylkesmannen i Hordaland	Kr	180000
Hordaland fylkeskommune Klimaplan for Hordaland 2015	Kr	100.000
SUM	Kr	1.600.000

4. VILKÅR FOR TILSKOTET.

- Tilsegnsmottakar må signere vedlagt akseptskjema og sende til fylkeskommunen innan 3 veker.
- Prosjektet må gjennomførast i samsvar med innsendt prosjektplan. Det er ein føresetnad at prosjektet vert finansiert slik godkjend kostnads- og finansieringsplan ovanfor viser. Om dette kravet ikkje er oppfylt kan tilskotet bli skjønsmessig avkorta, eller krevjast betalt tilbake.

- Tilsegnsmottakar har ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

Profilering

I alle presentasjonar av, og orienteringar om, prosjektet pliktar tilsegnsmottakar å informere tydeleg om at prosjektet er delfinansiert av Hordaland fylkeskommune.

Rapportering

Så snart prosjektet er avslutta **skal** tilsegnsmottakar sende sluttrapport til fylkeskommunen.

Sluttrapporten skal seie noko om:

- | | |
|------------------------------|---|
| ◇ Bakgrunn for prosjektet | ◇ Oppsummering av prosjektarbeidet |
| ◇ Mål med prosjektet | (organisering, sterke/svake sider ved prosjektet, |
| ◇ Oppnådde resultat | ikkje planlagde resultat, informasjon m. v.) |
| ◇ Vurdering mot oppsette mål | ◇ Eventuell vidareføring av prosjektet |

Utbetaling

- Tilskotet blir utbetalt når signert akseptskjema er motteke.
- Når prosjektet er avslutta, skal tilsegnsmottakar sende sluttrapport med rekneskap til fylkeskommunen. Revisor skal attestere sluttrekneskapen.

Kontroll

Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har når som helst rett til å kontrollere at midlane vert forvalta i samsvar med vilkåra i tilsegna. Vi gjer merksam på at de pliktar å gje fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor dei opplysningane dei finn påkravd for sin kontroll.

Klage/innsyn i dokumenta

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan påklage vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klagen skal sendast til Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen. Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, og dei grunnar som klagen støttar seg til.

Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjende med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

5. KONTAKTPERSON

Hordaland fylkeskommune sin kontaktperson for dette prosjektet er Karen Nybø, tlf 55 23 93 18, karen.louise.nybo@hfk.no.

Fylkeskommunen ynskjer lykke til med gjennomføringa av prosjektet!

Med helsing

Bård Sandal
Fylkesdirektør regional utvikling

Gudrun Mathisen
Seksjonsleiar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg: Akseptskjema

Kopi: Regionalavdelinga, v/økonomi
Kontostreng 10. 160.402.00

Tilsegnsmottakar må så snart tilsegnsbrevet er motteke signere vedlagte akseptskjema og sende i retur til Hordaland fylkeskommune, seinast innan 3 veker.

AKSEPTSKJEMA for Klimaplan for Hordaland 2015

Prosjektnamn: Overskuddsmasser –problem eller ressurs?	Tilsegnsnr : Klimaplan nr 1 2015
Tilskot inntil kr: 100.000,-	
Tilskotet gjeld til : 15.12.2015	Vår ref.: 2014/20763-8

Fyllast ut av tilsegnsmottakar:

Tilsegnsmottakar: _____

Postadresse: _____

Kontaktperson: _____

Telefon/telefaks: _____ E-postadresse: _____

Org. nr. _____ Kto.nr.bank/post _____

Vi stadfester med dette at vi har lest tilsegnsbrevet og aksepterer vilkåra for løyvinga, samt tek ansvar for at prosjektet vert gjennomført etter planen.

Stad:..... Dato:.....

Signatur:.....
Prosjektansvarleg

Returadresse: Hordaland fylkeskommune, Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen